

Nordic Tenors kjem til Moster Amfi



SONGLAD TRIO: Nordic Tenors held snart konsert i Moster Amfi. Arkivfoto: Håvard Hammarstrøm

For to år sidan hadde Nordic Tenors konsert i Moster Amfi, no er dei på veg tilbake til Bømlo.

– Nordic Tenors gav publikum ein glitrande konsert i Moster Amfi i 2015 og no gler me oss til å ynskja dei velkommen tilbake, seier Gerd-Helen Selle i Moster Amfi.

Konserten går føre seg 12. august. Selle meiner at dei tre nordiske tenorane kombinerer utsøkt kunstnerisk kvalitet med humor,

dans og musikalske overraskingar. Nordic Tenors har Sveinung Hølmebakk, Jan-Tore Saltnes og Roald Haarr som medlemmer.

Tenorane har vore aktive sidan 2005 då dei premierte på sitt første show, kalla Bella Notte. Året etter fikk dei Komiprisen som «Årets nykommar». Etter dette har dei blant mykje anna vore kongelege toastmasterar for HMK Harald og vore med på opninga av den nye operaen i Bjørvika. I åra som følgde har tenorane hatt fleire suksessar. Gruppa er kjent for sine vakre julekonsertar, og reiser i førjulstida kvart år rundt i heile landet med humor, varme og høgtid med Christmas with

Nordic Tenors. Dei har og gitt ut ei rekke CD-ar.

Sveinung Hølmebakk kjem frå Karmøy, men har budd på det blide Sørland i mange år. Roald Haarr er ein ekte bondeson frå Jæren og tviheld på dialekten trass i at Oslo etter kvart har blitt hans nye heim. Jan-Tore Saltnes er frå Holmestrand, og stolt av det. Han er eldstemann på laget av dei tre, men blir ofte tatt for å vera yngst, heiter det i ei pressemelding om konserten.

Bn Nils-Tore Sele
nils.tore@bomlo-nytt.no

Verdsdagen for psykisk helse

Verdsdagen for psykisk helse blir markert i Bømlo kulturhus onsdag 25. oktober.

I år er det Ingrid Bruun (23) frå Drammen som gjestar Bømlo. Det blir i alt fire foredrag, tre på dagtid for ungdom og eitt ope møte på kveldstid.

Dyktig foredragshaldar

Dei tre foredraga på dagtid blir skipa til for elevar på ungdomsskulen og den vidaregåande skulen i kommunen. Kveldsforedraget er altså ope for alle. Foredragshaldar Bruun er i dag varamedlem i sentralstyret i Mental Helse Ungdom. I tillegg er ho styreleiar i Mental Helse Ungdom Nedre Buskerud. Trass i sin unge alder er Bruun alt ein profesjonell foredragshaldar med ein imponerende formidlingserfaring, står det å lesa i pressemeldinga.

Eigne erfaringar

I foredraget sitt fortel Bruun



INGRID BRUUN: Dette er årets foredragshaldar i samband med verdsdagen for psykisk helse. Pressefoto.

mellom anna om sine egne erfaringar frå tenåra.

– I ein alder av 12 år var det berre ein ting Ingrid Bruun gleda seg til. Det var å dø. I ein alder av 17 år prøvde Ingrid seg på sitt fjerde sjølvdragsforsøk, men døden var ikkje

for henne. I dag er Ingrid evig glad for at det vart med forsøket. Ingrid's foredrag formidlar korleis ho har kjempa seg til ein meningsfull kvardag der livet er noko å gle seg over, står det å lesa. Det er mange som har fått oppleva Bruun si imponerende formidlingserfaring.

Vellukka arrangement

Det å skipe til foredrag for ungdom i samband med verdsdagen for psykisk helse blir sett på som ein suksess.

– Ungdom som formidlar til ungdom har gitt gode gode opplevingar før. Fleire ungdommar har gitt tilbakemeldingar på det etter at Samuel Massie heldt sitt foredrag i 2015. Dei unge nyttar «ungdomsspråk» og formidlar slik at me unge forstår det, heiter det i pressemeldinga.

Bn Håvard Hammarstrøm
havard.hammarstrom@bomlo-nytt.no

KIWI's PRISLØFTE

**VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS!**

First Price



36⁹⁰

SKIVET OST

350 g First Price, pr. kg 105,43



89⁰⁰ pr. kg

KYLLINGFILET

1,4 kg First Price, pr. pk 124,60



5⁹⁰ + pant

VANN MED OG UTEN KULLSYRE, LIME

1,5 l First Price, pr. l 3,93

KIWI mini pris

Kjøp kjapt, trygt og billig